

# Topp-resultat for Lydia

Lydia Hoen Tjore (16) frå Radøy oppnådde topp poeng med 25 av 25 moglege og vann sin klasse i Ungdommens Musikkmeisterskap i Oslo laurdag.



Av Hans E. Størheim  
hans.egil@strilen.no

Lydia (biletet) er elev ved Knarvik vidaregåande, og var ein av dei fem som deltok i finalen i klassen for vidaregåande skular (16-18 år).


– Ho gjennomførte eit klassisk program med musikk frå tre ulike epokar. Ho var svært nøgd med gjennomføringa og naturleg nok med å få topp poeng, seier faren Jon Halstein Tjore.

Premien var tre konsertar som Lydia skal gjennomføra i 2011, blant anna i Drøbak og Nord-Noreg.

Som vinnar av sin klasse kvalifiserte Lydia seg til å delta i prisvinnarkonserten søndag. Der framførte ho ein av songane frå konkurransen laurdag, ein opera-arie.

Det var ein 18 år gammal kvinneleg fiolinist, Miriam Helms Alien frå Alta, som fekk den gjevaste utmerkinga, som årets talent.

Lydia har elles eit travel program i tida framover, med seks konsertar i desember og tre i januar. To av konsertane i det nye året er i utlandet, i Nederland og Tyskland.



UTSTILLING: Dette bildet har fått tittelen New Image.

## Opnar utstilling i Nøsteboden

BERGEN: Bente Brekke Kampevold opnar utstilling med egne maleri i Nøsteboden i Bergen i kveld, tysdag. Brekke Kampevold budde lenge i Bergen, men i 2006 busette ho seg på Vågseidet i Lindås. Ho malar med oljemaling på lerret, og ofte er bildet laga med litt røffe rammer.

– Det er knapt nokon minoritet i Noreg som er meir omspunnen av myter og mystikk enn romanfolket - også kalla «dei reisande». Dette blir gjenspegla i dei mange folkelege namna ein har brukt om dei; tater, fant, fark og splint, seier Torgeir Skorgen (biletet), førsteamanuensis ved Universitetet i Bergen. I samband med utstillingsopninga skal han halda eit føredrag om romanfolket sin historie, med tittelen «Frykt og fascinasjon: Det norske storsamfunnets møte med de reisende». Freddag kjem Gjertruds sigøynerorkester til Emigrantkyrkja for å halda konsert. Utstillingane er opne i morgon onsdag, før konserten fredag, og elles på utvalde dagar til og med søndag 12. desember. For skuleklassar er utstillingane opne etter avtale.

## Temakveld om romanfolket

SLETTA: I morgon kveld opnar dei to utstillingane «Nasjonnens Barn - barna Norge tok for å rense landet for tater», og «Dei båtreisande» på Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta.

